HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

**Regionalavdelinga**
Næringsseksjonen

DET KONGELIGE KULTURDEPARTEMENT
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.: Bergen, 30. april 2012
201202197-4/645/YNGHAG

# Høyringsfråsegn - evaluering av regionale filmfond

Fylkesutvalet i Hordaland hadde saka føre i møte 25. - 26. april 2012, sak 103/12, og det vart gjort slikt **vedtak:**

1. Fylkesutvalet tilrår anbefalinga om ein *kriteriemodell* for fordeling av statlege midlar mellom fonda som i større grad opnar for differensiering.
2. Fylkesutvalet støttar kravet om regional matching av statlege midlar.
3. Fylkesutvalet støttar dei føreslåtte endringane for å bøte på sein utbetaling av statstilskottet, ved å la eventuelle kutt i statstilskottet kome i rammene for tildelinga for neste år for fond som ikkje greier å matche det statlege beløpet.
4. Fylkesutvalet tilrår forslaget om å fjerne avgrensinga på å investere statstilskott i prosjekt som allereie har mottatt produksjonstilskott frå NFI.
5. Fylkesutvalet forventar at en større del av dei offentlege filmmidlane kjem heile landet til gode, for å skape meir mangfald og auke kapitaltilgangen til filmbransjen.

RETT UTSKRIFT:
DATO: 30. april 2012

Med helsing

F/V Jan Per Styve
Regionaldirektør

Matti Torgersen

Besøksadresse: Agnes Mowinckels gate 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 BERGEN - Telefon 55 23 92 82 - Telefaks 55 36 51 42
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.